

Årsmelding for 2022 – Kommunik

Frå og med årsmøtet i 2022 har styret vore samansett slik:

- Ingvild Dverseth Sæter, Møre og Romsdal fylkeskommune, styreleiar
- Trond Magne Henriksen, Troms og Finnmark fylkeskommune, styremedlem
- Elin Stokkenes, Innlandet fylkeskommune, styremedlem
- Tor H. Halvorsen, Voss herad, styremedlem
- Siw Anett Stråle Enerud, Asker kommune, styremedlem
- Dag Folkestad, Askøy kommune, varamedlem med møteplikt
- Wanja Richardsen, Agder fylkeskommune, varamedlem med møteplikt

Aktivitetar i 2022

Styret sitt arbeid

Styret har hatt 13 digitale møte i 2022. I tillegg har styret møttest fysisk før vårsamlinga og før høstsamlinga. I juni hadde vi eit styremøte i Son i juni for å planlegge Høstsamlinga.

Mellom møta har styret hatt dialog gjennom e-post, telefon og styret si eiga Facebook-gruppe. Det største arbeidet i 2022 var planlegging og gjennomføring av vår- og høstsamlinga.

Fagsamlingar

I 2022 arrangerte vi tre fagsamlingar:

- 6. april: Vårsamling og årsmøte. Digitalt. 72 deltok
- 15. april: Høstsamling i Son. 85 deltok
- 30. november: Åpenhetsbarometeret v/ Tron Strand i Pressens offentlighetsutvalg. Digitalt. 35 deltok

Vårsamling 6. april - digitalt

72 deltok via Teams.

Program:

- Slik jobber KS med klarspråk / Anna H. Vågsland, KS
- Motivasjonsforedrag / Øystein «Pølsa» Pettersen

Høstsamling 31. august – 1. september, Son i Vestby

Samlinga hadde 85 deltakarar

Program dag 1:

- Hvordan er det å være svaksynt i Norge? – Ronny Brede Aase
- Det gode eksempelet på UU – Eva Kirkevik, Bergen kommune
- Tilgjengelighetserklæring -hvordan fyller vi den ut? – Sigbjørn Råsberg, UU-tilsynet
- Den vanskelige internkommunikasjonen. Hvordan lykkes? – Astri Kamsvåg, Bergen kommune

Program dag 2:

- Hvordan jobbe med ledelse, motivasjon og kultur, med kommunikasjon som virkemiddel? – Forsvarssjef Eirik Kristoffersen (*meldte avbod – gjekk ut*)
- Hva gjør en arbeidsplass attraktiv? – Carlo Duratuo, Universum
- Rekruttering: Slik gjør vi det – Moss, Finnmark og Troms og Gjøvik viser hva de gjør
- Rekruttering sett fra bransjen – Anne Marie Storli, Møllerstad rekruttering

Status medlemmar

Styret har diskutert at potensialet for fleire medlemmar er større, og at mange som arbeider med kommunikasjon i offentlig sektor, sannsynlegvis ikkje er klar over at vi eksisterer.

Kommunikasjonskanalane våre ut til medlemmane er e-post, nettsida og ei lukka Facebook-gruppe. Innkallingar og informasjon som skal gå til enkeltpersonar skjer via e-post. Gruppen er for betalende medlemmar.

Styret har diskutert fleire tiltak for å gjere Kommunik meir kjent og få fleire medlemmar. I 2022 laga styret ein tekst for å presentere Kommunik. Vi har også oppretta profil på LinkedIn. I forkant av Høstsamlinga tok vi direkte kontakt med kommunikasjonsfolk i ulike kommunar for å få dei til å delta på samlinga.

Som tidlegare ser vi at fleire ofte melder seg inn i forkant av webinar og samlingar. Totalt fekk Kommunik 41 nye medlemmar i 2022. 19 meldte seg ut, og vi og endte på 244 medlemmar totalt ved slutten av året.

Tiltaka for å verve fleire medlemmar vart utsett til starten av 2023. For nye medlemmar er dette den mest gunstige tida å melde seg inn, for å få medlemsfordelane gjennom heile året.

Økonomi

Sidan hausten 2019 har ØkonomiBistand tatt seg av faktureringa og rekneskapen til Kommunik. Dette fungerer bra og gir mindre arbeidsbelastning for styret. I tillegg har vi fått betre system for medlemsdatabase og puring. Dette har også ført til ei betre oversikt over medlemmane, og etter eit par år med stor turnover, ser vi at talet på medlemmar har vorte meir stabilt.

Inntektene til Kommunik består av medlemskontingent og deltakaravgift til fagsamlingane. Dei største utgiftene går til gjennomføring av fagsamlingar. Fagsamlingane har stort sett gått i 0 tidlegare.

Med få samlingar dei siste åra på grunn av pandemien, såg styret at det var økonomisk forsvarleg å bruke av den oppsparte kapitalen både til programmet og den sosiale delen av høstsamlinga.

Ved årsskifte hadde Kommunik 662 000 kroner på konto.

Kommunik hadde eit resultat på – 49 847 kroner